



## Notat

Dato: 10.06.2014  
Arkivsak: 2014/17305-1  
Saksbehandlar: johmeye

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Handsaming av overtalssaker våren 2014

I samband med endringar i klassetal og struktur ved dei vidaregåande skolane er det ved overgang til nytt skoleår hausten 2014 meldt inn overtal slik:

Amalie Skram/ nedlegging av tre skolar:	30
Undervisningspersonale:	45
Ikkje-pedagogiske tilsette ved skolane:	8

Ved opprettinga av den nye Amalie Skram vidaregåande skole og samstundes nedlegging av tre vidaregåande skolar ble det allereie hausten 2013 meldt inn ei overtal på omlag 30 tilsette. Personalseksjonen har no i løpet av våren funne nye stillingar til alle dei som vart meldt overtalige ved desse skolane.

6 av dei 8 overtalige ikkje-pedagogiske tilsette er overført til nye ledige stillingar.

Det er særskilte utfordringar i høve å finne nye stillingar for tilsette som er utdanna innan mat- og restaurantfag og innan kunst og handverksfag. Det er stor nedgang i søkjartalet til desse fagområda slik at talet på klassar og gruppedeling er redusert.

Arbeidet med å finne nye stillingar for 13 tilsette som pr 10. juni ikkje har fått tilbod om overføring til ny stilling held fram. Fylkeskommunen vil samstundes i samsvar med arbeidsmiljølova sine reglar om «masseoppseiing» varsle NAV om at talet på tilsette som ein ikkje finn ny stilling til truleg vil overstige 10.